



## Programmering, 5. - 10. årssteg



Vidareutdanninga er tilrettelagt for lærarar utan erfaring i programmering. Målet er å gi lærarar kompetanse i programmering og didaktikk, for å kunne bruke programmering i ulike fag på 5.-10. årssteg. Ein viktig del av studiet er tekstbasert programmeringsspråk og koding med ulike fysiske objekt relevant for eigen praksis. Studiet er ein del av "Kompetanse for kvalitet", Kunnskapsdepartementet sitt program for vidareutdanning av lærarar.

### Studieinnhald

Du skal få kompetanse til å planlegge, gjennomføre og vurdere eiga undervisning på fagfeltet, samt kunne nytte ulike verktøy til programmering. Vidare skal du kunne grunngi kvar, kvifor og korleis programmering kan nyttast i ulike fag. I studiet vil det også bli fokusert på samfunnsperspektivet og etiske vurderingar. Dei overordna programmeringsfaglege område er koding og modellering. Desse områda heng tett saman og du vil mellom anna jobbe med modellar og koding både åleine og i grupper. Det er lagt opp til at du kan fordjupe deg i tema som er relevant for organiseringa av valfag Programmering (PRG1-01) i ungdomsskulen. Til dømes tekstbasert programmering og pedagogisk tilnærming til dette.

### Undervisningsmåtar og vurderingsordningar

All undervisning og rettleiing er nettbasert. Sidan studentane på studiet er lærarar i skulen, vert utprøving og progresjon integrert i eigen praksis og tilpassa skulane sine årsplanar.

### Aktuelle yrke og vidare studium

**Studiepoeng / lengd:** 15 / 2 semester (1 år)

**Opptakskrav:** Fullført grunnskulelærerutdanning eller tilsvararande.

**Søknadsfrist:** i

Lokalt opptak

**Studiestart:** Haust

**Kontaktperson:** For spørsmål om opptak Studentsørvis 70 07 50 18  
studentsorvis@hivolda.no